


# SNERTEN



Nr. 14  
Juni 2017  
Årgang 8

## Infoskriv frå Norsk Langeleikforum



## Langeleiken vekt til live i Aust-Agder

### Les også om

- Immateriell kulturarv
- Stipendordning i NLF
- Reparatørens hjørne
- Kurs i Rogaland
- Årsmøtereferat
- "Småplukk"

## Kjære langeleikvenner,-



Langeleiken finner stadig frem til nye generasjoner. Eller omvendt.... Noen er fortsatt så heldige at de blir født inn et folkemusikkmiljø, der tradisjonsrike, lokale og nasjonale slåtter overføres fra eldre til yngre. Andre kommer til etter hvert - og kan glede seg over tålmodige lærere!

Vi snakker om immateriell kulturarv, og aldri har det vel vært viktigere å ta vare på kunnskap om vår historie - slik at vi kan formidle - og utvikle den sammen med dem som bærer på helt andre kulturuttrykk, fra andre land, og som etter hvert blir en del av ny historie, - som skal fortelles og tas vare på. Det styrker vår identitet, vårt fellesskap - og vår nysgjerrighet.

På kurs i Nordahl Bruns gate i Oslo har vi kursledere som eksperimenterer med langeleik og afrikansk folkemusikk og dans. Vi har kursdeltakere som kommer fra Musikkhøyskolen med sang og fele som hovedinstrument, og vi har folkrockmusiker som hører at langeleiken passer inn i deres musikkuttrykk.

Det meldes om samlinger og kurs flere steder i landet. Olaf Moen og Vest-Agder Ungdomslag lærer bort både setesdalsgangar, bånsull og turdansmelodier. Gjøvik Spelemannslag inviterte til maihelg for 11.gang, og i august blir det kurs med Gøril Ramo Håve i Stavanger. Og før dette - blir det storsamling på Fagernes under Jørn Hilme som starter opp helgen 30.juli.

Vi roper hurra og gratulerer Ingebjørg Hegge Bratrud med Drømmestipend - og tenker at det er ekstra hyggelig å fortelle at det nærmer seg fristen for å søke om Norsk Langeleikforums nyopprettede stipend til langeliksutøvere og instrumentmakere mellom 15- og 26 år. Regler og søknadsfrist finner du her i denne utgaven av "Snerten". Et viktig kriterium er at du er medlem av forumet!

Mange av dere skal krysse musikalske spor i løpet av sommeren. Andre møtes til "Klangen før fela" helgen 9.- til 11. februar 2018. Det er fortsatt langt dit - men fint å merke av dagene i almanakken allerede - for programmet - det blir bra, nei, kjempebra!!

Norsk langeleikforum har lyst på en samling i løpet av høsten. Er det noen som har et forslag om et møtested hvor det er lett å komme til i løpet av ei helg?

Riktig gode dager til dere alle fra Lisbeth

## Litt om langeleik i Vest-Agder

av Olaf Moen

For nokre år sidan kom det Vest-Agder Ungdomslag for øyre at treskjerar Nils Ro borti Kvinesdal hadde rekonstruert nokre gamle langeleikar frå Fjotland og Knaben. Nils hadde fått fatt i eit slitt eksemplar lokalt, samt at han hadde vore kontakt med museer i Bergen, Oslo og Stockholm, fått avfotografert og teikna arbeidsteikningar.



Vi har nokre skriftlege kjelder som omhandlar langeleikspel i Vest-Agder. I Fjotland Sogebok står det at Gunnus-Torborg på Eiesland i Fjotland spelte langeleik, men det står ingenting om repertoaret hennar (Bakka mfl, 1990). Vi kan og lese i same bygdeboka om Asgerd Håland (f. 1800) som blei gift borti Sirdal. Ho hadde med langeleiken dit. Ho blei vekt ved Knud Spydavolls forkynning, og hogde sund langeleiken sin. Ho skal riktig nok ha trega det seinare, for ho kunne ha spelt salmar på han (Jerstad, 1949). Vi veit og at Tore Knaben (1692-1786) spelte både fele og langeleik. Han busette seg på Gibøen ved Møsvatn i Telemark, og er m.a. oldefar til den kjende spelemannen Håvard Gibøen I 1743 skriv og fogden Tostrup om folket i den nordlege delen av Kvinesdal, at «...de ere og lystigere end de ved Søsiden med Leg og Instrument Spil, saasom Langeleg, Lurhorn, Tromme og Fiol» (Jerstad, 1949). I kultursoga frå Fjotland er det skrive at dei i eit hus på Knaben ei tid i 1800-talet hang 7 feler og 2 langeleikar. Seks av sønene i huset kunne spele fele, og to døtrer langeleik (Veggeland, 1983). Paul Sveinall i Marnardal fortel og at det har vore spelt langeleik i det dalføret. Om det har vore eit utbreidd instrument og om det var populært veit vi ingenting om, og det er diverre ikkje bevart noko slåttemateriale, korkje på noter eller som opptak.

Attende til notida. Vest-Agder UL skjønte at dei måtte gjere noko, og fekk 50.000 kr frå Sparebanken Sør i Mandal, og fekk kjøpt 10 instrument av Nils Ro. For å kome i gong med dei, og pga av underteikna var blitt nokså rusten på spelinga, så fekk vi Kari

Lønnestad i Telemark til å halde det første langeleikkurset. Ho leitte seg fram til ein god måte å stemme på, og lærte seg eit par lokale slåttar før ein gjeng spente langeleiknoviser fekk ein dags opplæring. Etter dette er det eg som har stått for all kursing på desse instrumenta. Vi har halde fleire kurs på Nordsjøfestivalen i Farsund og på storkursa til Vest-Agder Ungdomslag.

Det er nok ikkje andre enn eg som spelar langeleik jamleg her sør. Men det er fleire som kjem att på kursa, og som lærar seg slåttar. Diverre er det ingen som held fram med spelina utover kursa. Vest-Agder UL lånar ut instrument til dei som måtte vere interesserte. Alle instrumenta var i vår til ein lett oppjustering hjå felemakar Jarle Hagane, så dei er slett ikkje verst å spele på!



Bilete: Frå storkurset til Vest-Agder UL, februar 2017. Underteikna er læraren ved enden av bordet.

Langeleikane frå Fjotland og Knaben er av det gamle slaget; uthola av eitt tresykke. Det fint utskorne hovudet, gjerne med menneskeandlet, står i nesten rett vinkel på loket. Kroppen er asymmetrisk: Den sargen som vender mot spelaren er rett, medan den andre sargen er utsvinga. Skruvekassa er todelt og har fire stemmeskruvar, ein femte og sjette stemmeskruve går gjennom både sargane. Strengene kjem då ut gjennom eit lite hol i loket og har følgjeleg om lag 1/3 kortare svingelengd enn dei andre strengene. Noko som er særmerkt med desse instrumenta er det sporet som notane er felte ned i. Denne måten å feste notane på kan ha gjort det mogleg å endre på tonerekka, utan at vi har prov for at dette har vore praktisert. Tonerekka er representativ for gamle langeleikar med m.a. ei rekke avvik frå den likesevande, tempererte durskalaen (Bakka mfl, 1990).

Når det gjeld slåttemateriale, så har det vore naudsynt å overføre på best mogleg måte frå fele, og til dels muniharpe, til langeleik. Mykje av folkemusikken i Vest-Agder er nokså arkaisk, med gamle slåtteformer som ofte høver greitt for langeleik. Samstundes med dette har eg og arbeidd med å få Setesdalsmusikk over til langeleik. Det har vore tradisjon med langeleik over store delar av Aust-Agder og, vi har instrument både frå Setesdal og Froland, og skriftleg dokumentasjon frå fleire andre stader.



Kjelder:

Bakka, Egil; Seland, Brit; Vårdal, Dag (1990): Dansetradisjonar frå Vest-Agder

Jerstad, Johan (1949): Fjotland Sogebok

Veggeland, Tor (1983): Kultursoge frå Fjotland

Foto: May Linn Mersland, biletet frå storkurs: eige foto.

Juni 2017

## Langeleikkurs i Rogaland

Folkemusikkarkivet for Rogaland, Ryfylkemuseet, arrangerer saman med Rogaland Ungdomslag, langeleikkurs i Stavanger, laurdag, 26. august. Siddis-stova i BUL vil nyttast til dette formålet.

Det vil bli kurs for både nybyrjarar og vidarekomne.

Når ein snakkar om folkemusikk i Rogaland er det nok ikkje dei eldre folkemusikk-instrumenta ein først tenkjer på, men felekunna til Fuglestadbrørne gjerne, eller kan hende liksongtradisjonen i Suldal?

I og med at eldre informantar nemner munnharpe og seljefløyte i samband med spel, ville det ikkje forundre meg om det og har eksistert langeleik i fylket, og med tanke på at distrikta rundt har hatt langeleikspel ... men pr dags dato er det «svart hav» som Elisabeth Kværne uttrykte det då eg høyrde med ho.

Eg har i snart eit år no har hatt arbeidsplassen min ved Ryfylkemuseet og ein del av tida har eg hatt på folkemusikkarkivet. Det eg merker meg er at arkivopptaka for det aller meste er med fele og vokal.

Feleslåttane varierer og har i det store og heile skeiv tonalitet. Nokre slåttar dreg i retning moll, andre mot dur. Utøvarane spelar og samme slåtten ulikt når det gjeld tonalitet. Skal desse feleslåttane klinge godt og «reklig» på langeleik, lyt ein brukar leikar som har flyttbare knottar.

Har ein det, er det eit godt utval med springarar, masurkaer, reinlendarar, hopsarar og valsar ein kan føre over.

Likevel, det er nokre som fungerer fint på temperert skala og eg vil ta med eit utval til bruk på kurset.

Langeleik ligg godt til rette som akkompagnement til song, og kursdeltakarane vil lære nokre songar til dette bruk.

Fleire har lagt ned eit stort arbeid i å samle inn og transkribere folkemusikk frå Rogaland. Ei av dei er Ruth Anne Moen som i 2008 kom ut med Bergteken 1,2 og 3. I desse hefta finst salmesong, liksong, shantiar, gamle og nye viser, småstubar og regler for barn, berre for å nemne eit utval.

Den vokale delen vil ta utgangspunkt i Bergteken og hefta vil vera til sal under kurset for dei som er interesserte.

Det er nokre leikar til utlån, men veldig fint om de har med ein sjølve.  
Meir info kjem etterkvart.

Vel møtt på kurs!

Gøril Ramo Håve

## Kurs på Gjøvik 13. – 14. mai



I samband med Musikkhelga på Gjøvik møtte det også i år fram ivrige kursdeltakarar. Instruktørar var Eva Nyseth og Gunvor Hegge.

## Langeleiken på nasjonale lister

6. mars i år vart ein ny digital plattform for immateriell kulturarv lansert.

Noreg ratifiserte i 2007 Unesco-konvensjonen om den immaterielle kulturarven. Ratifiseringa var ei viktig anerkjennung av kulturarven den gongen, og stiller krav om at Noreg skal sikre arven for framtidige generasjonar, og at det blir etablert ein politikk og eit system for korleis dette skal gjeraast.

Ratifiseringa av Unesco-konvensjonen skapte stort engasjement då han kom, men òg forventingar frå miljøet om pengar og konkrete tiltak. Enno finst få styringsverktøy som seier noko om kva staten i røynda skal gjere – samstundes som forventningane i miljøa aukar. Men noko har skjedd.

I 2012 var retningslinene for nominering av kulturuttrykk i Noreg til dei internasjonale Unesco-listene på plass. Ein fagkomité med medlemmer oppnemnd av Kulturdepartementet og Sametinget hjelper kulturrådet med rettleiing og faglege råd i vurderingsarbeidet.

I 2017 etablerte Norsk kulturråd også eigne lister for immateriell kulturarv, såkalla nasjonal listeføring. Vegen fram har vore krunglete. I 2013 fekk kulturrådet melding frå kulturminister Hadia Tajik om å avlyse planar for nasjonal listeføring. I 2016 snudde departementet, og 6. mars i år vart ein ny digital plattform for tradisjonskunnskap og kulturarvsuttrykk i Norge offisielt lansert. Nettsida heiter immateriellkulturarv.no, og heile landet er inviterte til å registrere sine uttrykksformer, til dømes skikkar, tradisjonar og kunnskap som ein meiner høyrer heime på ei slik oversikt.

- Nettstaden vil etter kvart gi ei unik oversikt over den levande kulturarven i Noreg i dag, kor den blir utøvd, og kva kunnskap folk har, seier prosjektleiar Hildegunn Bjørgen i Kulturrådet.

På nettsida ligg også ein lengre artikkel om langeleiken, «Langeleiken - spelet og tradisjonen». Artikkelen er ei samling av fleire tekstar, men bygger i hovudsak på katalogteksten til langeleikutstillinga på Valdres folkemuseum, skrive av Bjørn Aksdal, Ole Aastad Bråten og Elisabeth Kværne.

Knut Aastad Bråten sit i fagkomiteen i Norsk kulturråd, som er med å vurderer søknadene til dei internasjonale UNESCO-listene. Han meiner det er bra at dei nasjonale listene no er på plass.

- Ein oversikt er kanskje ikkje eit mål i seg sjølv, men kan fungere som eit oppslagsverk på kva samtida til kvar tid definerer som viktige immaterielle uttrykksformer. Nasjonale lister er ingen kvalifikasjon til noko som helst, men vil utvilsamt vere med på å gje anerkjennung og auka prestisje til dei uttrykksformene som hamnar på listene, seier han.

Listene finn du her: [immateriellkulturarv.no](http://immateriellkulturarv.no)

## Reparatørens hjørne

Stell, justering, vedlikehald, strengeskift.. For mange av oss er dette slik «gjer det seinare-fenomen». Me spør langeleikreparatørane, - er det mange som spør etter stell og vedlikehaldstenester? Det har vore laga mange instrument dei siste 20-30 åra, kanskje opp mot 500. Etterspurnaden etter strenger og oppjustering etter bruksslitasje skulle kanskje gje litt inntrykk av bruksfrekvens?



Knut Opheimsbakken på Valdres Folkemuseum seier at dei fleste langeleikane som kjem til verkstaden kjem grunna større manglar eller skader, slikt som ikkje går innunder «gjer det seinare-fenomenet». Det kan vera noteknottar som har falle av, manglende strenger eller veldig ofte eldre, ubrukbare instrument som folk vil ha sett i stand. Museet har levert ca. 190 nye langeleikar i ei 35

års-periode og har reparert både gamle og nye instrument gjennom mange år. Storsatsinga museet driv innan registrering av langeleik-historie, den nasjonal utstillinga, nyproduksjon samt strengeproduksjon gjer museet til ein einer i «langeleik-land». Det trekkjer såleis til seg instrument for registrering og dermed etterspurnad etter istandsetjing. Men det er relativt få av desse 190 langeleikane som kjem grunna reint stell og vedlikehald.

Oddrun Hegge som driv eigen verkstad deler delvis oppfatninga når det gjeld etterspurnad etter vedlikehald, iallefall sett i lys av mengde nyare instrument. Om ein skal våge seg ut på å beskrive ein tendens, så seier etterspurnaden ein del om at også langeleikspelarar er eit produkt av si tid. Den litt eldre generasjonen mekkar gjerne litt sjølve, har vakse opp med gjenstridige stillarar og kanskje ikkje tenkt så mykje over om leiken gradvis har vorte tyngre å bruke grunna slitasje. Dei yngre har fått opplæring og vorte meir medvitne om at stell og vedlikehald lettar bruken og frigjer klang. Det er oftast på spelekurs eller i kulturskulen dei blir oppmoda om å oppsøkje verkstaden.



Mange instrument er i bruk utanom distriktet. Det er ikkje sjeldan desse brukarane tek kontakt. Kanskje er det ei tryggheit å få teke ein «helsesjekk» på heimebane? Når folk kjem til verkstaden er det viktig med samarbeid for å få instrumentet tilpassa spelestil. Og det er viktig å gje opplæring til sjølvhjelp.

Konklusjonane til reparatørane blir at dei gjerne tek imot fleire instrument for vedlikehald og justering etter bruk. Ein treng ikkje slite med därlege stillarar, ureine tonar, kompensere for klirring eller godta därlege strengespør. Det går rett nok nokre hundre strenger i handel kvart år, men det er ikkje dumt å oppmøde fleire til å gjera stell og vedlikehald om til eit «gjer det no-fenomen».

## Årsmøte på Kongsberg

Laurdag 7. januar 2017 var NLF samla til årsmøte. Svein Westad på Kongsberg opna Galleri Åkeren for oss, og vi hadde trivelege timar saman med spel og triveleg samver.



Her ser vi representantar frå det nye styret:

Frå venstre: Ingrid Ligaas Fossum, Libeth David-Andersen, Magnhild Karsrud.

Bak: Brit Totland og Inger Frøydis Bakken

## **Referat frå årsmøtet i Norsk Langeleikforum 7. januar 2016**

Møtet vart halde i Galleri Åkern på Kongsberg, og det var 14 frammøtte medlemar.

### **Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

### **Sak 2: Val av ordstyrar, val av referent og tellekorps**

Lisbeth David-Andersen vart vald til ordstyrar, Gunvor Hegge vart referent og Oddrun Hegge og Svein Westad var tellekorps.

### **Sak 3: Registrering av dei med stemmerett og fullmakt**

Alle frammøtte vart godkjende med stemmerett

### **Sak 4: Årsmelding**

Årsmeldnga vart samråystes godkjend. Oppmading om å minne om medlemskontingent på heimesida og Snerten, då det er altfor få betalande medlemer.

### **Sak 5: Rekneskap**

Rekneskapet vart samråystes godkjent med desse tilleggspunkta:

- Årsmøtet godkjenner at manko i kassa på frå tidlegare styre på kr 2684,- kroner blir utgiftsført og ført som andre kostnader på budsjettet
- Det blir overført kr 5000 til fond som avsetjing for 2016.

### **Sak 6: Fastsettjing av medlemspengar**

Økonomien er god nok til at styret innstiller på at vi beheld kontingensten som før; 200 kroner for vanlege medlemer, 150 kroner for studentar. Samråystes.

### **Sak 7: Val av leiar, styremedlemmer, varafolk, revisor og valnemnd**

Valkomiteen legg fram fylgjande forslag til val på styret i 2017:

Leiar:	Lisbeth David-Andersen	Vald for 1 år
Styremedlem:	Brit B. Totland	På val 2018
Styremedlem:	Sigurd Braathen	På val 2018
Styremedlem:	Guri Svindahl	Vald for 2 år
Styremedlem:	Ingrid Lingaas Fossum	Vald for 2 år
Varamedlem:	Inger Frøydis Bakken	Vald for 1 år
Varamedlem:	Solveig Vatn Weisser	Vald for 1 år
Varamedlem:	Magnhild Karsrud	Vald for 1 år
Valkomité:	Marit Steinsrud	Sit 1 år til
	Gudrun Havro	Vald for 2 år

Samråystes vedteke.

### **Sak 8. Val av 3 jurymedlemmer til utdeling av stipend**

Styret har funne tre kanddarar som har sagt seg villige til å vera denne juryen:

Stein Villa  
 Svein Westad  
 Ole Aastad Bråten

Desse vart valde, samrøystes.

### **Sak 9: Arbeidsplan**

Arbeidsplan som var lagt fram frå styret vart godkjent med desse endringane:

Drifte Norsk Langeleikforum:

- arbeide for å få organisasjonar som medlemer

Drive samlingar/kurs:

- Styret set ned ein komité som skal arbeide opp mot Klangen før fela

Utarbeide pedagogisk materiell:

- Ta ut siste setning: t.d. enkel DVD med instruksjonshefte og erstatt med: Arbeide for å få til gode instruksjonsvideoar på nett

Arkiv:

- Arbeide med å få til et bibliotek med langeleikutgjevngar

### **Sak 10: Budsjett**

Budsjettet vart vedteke med desse justeringane:

Investeringar: 40 000

Reiseutgfter/losji: 15 000

Pedagogsk materiell/arkiv: 5 000

### **Sak 11: Innkomne saker**

Korleis skal vi leggje til rette for større aktivitet utanom dei faste aktivitetane? Her kom det fram mange gode idear som ein kan arbeide vidare med:

- Samling dei åra det ikkje er «Klangen før fela», der der er plass til nye og gamle langeleikspelarar
- Langeleikfestival à la Munnharpefestivalen? Buskerud folkemusikkcenter i Prestfoss kan vera ein egna plass
- Dugnadskonsertar

Årsmøtet sender helsing og blome til Sverre Jensen. Ein gratulasjon for å ha motteke Egil Storbekkens musikkpris.

15. januar 2017

Gunvor Hegge  
 referent

Årsmøtereferatet er godkjent:

Lisbeth David-Andersen

Inger Frøydis Bakken

Sign.

Sign,



Valdresmusea as



## Stipend

Til alle langeleikvenner!

Norsk Langeleikforum har opprettet et stipend til langeleikutøvere og instrumentbyggere mellom 15 og 26 år. Vi setter av minimum kr 5000,- hvert år til stipendmidler.

Stipendet kan finansiere kurs, undervisning eller annet som gir inspirasjon og kunnskap. Det kan også brukes til delfinansiering for innkjøp av instrument, eller utstyr forbundet med langeleik/instrumentbygging.

Søknaden må inneholde en beskrivelse av din erfaring og hva du ønsker å bruker stipendet til. Bruken av et tildelt stipend dokumenteres til styret i Norsk Langeleikforum innen 2 år etter tildelingen. Søkere må være medlem av Norsk Langeleikforum. Søknaden behandles av en fagjury på tre medlemmer oppnevnt av styret. Søknaden sendes på e-post til: guri.s@online.no innen 1. oktober 2017. Stipendet deles ut på årsmøtet i 2018.

## Drømmestipendet



Kulturskulane i landet deler kvart år ut det dei kallar Drømmestipendet, der utøvarar i ulike kategoriar kan gjera greie for ein draum dei har i samband med utøvinga si.

I år fekk Ingebjørg Hegge Bratrud frå kulturskulen i Nord Aurdal stipendet som tradisjonsjonsberar og kulturformidlar. I søknaden sin skriv ho mellom anna:

«Min draum er å bidra til å føre langeleiken, musikken, tradisjonen, stoltheita over eit stykke norsk kultur vidare inn i framtida. For å gjera dette, må eg dykke djupare i arkivet, oppsøkje fleire lærrekjelder, tileigne meg kunnskap om instrumentet både i norsk og internasjonal samanheng, lære meir om musikken, mogelegheiter og grenser.»

NLF ynskjer hjartelig til lykke!



## Gå ikkje glipp av denne komseren i sommar:



**Kammersmusikk m/Villa & Steinsrud**  
**søndag 30. juli, St.Tomaskyrkja, Filefjell**

## Langeleik frå Fjotland.

Som eit apropos til artikkelen til Olaf Moen om langeleiken i Aust-Agder, tek vi med nokre bilete til av langeleik derifrå, registrert ved Universitetet i Bergen.



<p><b>Medlemspenger for 2017</b></p> <p>Kontingenget er uforandret fra i fjor, kun kr 200,-</p> <p>Medlemspengene betales til Norsk Langeleikforum. Merk betaling med navn.</p> <p><b>Kontonummer:</b> 1503.14.71807</p> <p>Ved å være medlem i Norsk Langeleikforum får du lagsbladet Snerten to ganger i året. Du vil også få tilgang til egne sider på Norsk langeleikforum sine sider, samt informasjon om hva som skjer rundt i landet.</p> <p>NB: I år blir det ikke sendt ut giro – trenger du dette ta kontakt med kasserer Brit B. Totland, e-post:</p> <p><b><a href="mailto:brit.totland@gmail.com">brit.totland@gmail.com</a></b></p>	<p><b>Styret:</b></p> <p><b>Leder:</b> Lisbeth David-Andersen, tlf.: 958 07 024</p> <p><b>Styremedlem:</b> Brit B Totland, tlf.: 934 15 674 Sigurd Braathen Guri Svindahl Ingrid Lingaas Fossum</p> <p><b>Varamedlem:</b> Inger Frøydis Bakken Solveig Vatn Weisser Magnhild Karsrud</p>
---	--

Heimeside:

[www.langeleikforum.no](http://www.langeleikforum.no)

facebook: [Norsk langeleikforum](#)

e-post: [langeleikforum@gmail.com](mailto:langeleikforum@gmail.com)



Tips og stoff til Snerten kan sendast [gu-he@online.no](mailto:gu-he@online.no) eller til [langeleikforum@gmail.com](mailto:langeleikforum@gmail.com). Vi er svært takksame for innspel!

